



Føresette 6.trinn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2462 - 15/6021

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

28.05.2015

## Referat frå klasseforeldremøte 19. februar 2015

### **Elevundersøkinga.**

Radøy kommune gjennomfører kvart år elevundersøkinga for elevar frå 7.-10. trinn. På Manger skule tek og elevar på 5. og 6. trinn undersøkinga. Denne undersøkinga spør om mellom anna fagleg motivasjon, vurdering og trivsel blant elevane. Elevane i 6. klasse har kryssa på dei høgaste nivåa når det gjeld motivasjon, læring og vurdering. Når det gjeld trivsel kryssar dei fleste elevane på dei høgaste nivåa, men ein ser at ikkje alle trivst like godt på skulen.

### **Lokal mobbeundersøking.**

Radøy kommune har innført ei lokal (for kommunen) mobbeundersøking som me på Manger skule nytta for første gong no etter nyttår. Resultata av denne undersøkinga syner at ca. 25% av elevane i 6. klasse har sett at andre har blitt mobba, meir enn 2 seier dei har blitt mobba sjølv og nokon få svarar at dei sjølv har blitt mobba.

### **Klassemiljøet.**

Etter gjennomgang av dei to undersøkingane vart det naturleg å diskutera klassemiljøet i 6. klasse. Klassen har vore «kjend» for å vera greie med kvarandre, og syna omsorg og empati. Klassen er framleis greie, men treng nok ein del rettleiing og påminning om korleis det er greitt å vera mot kvarandre, og kva ansvar dei har for seg sjølv og sine medelevar. Det vart teke opp ei konkret sak av ein forelder. Alle foreldra var einige om å snakka med sine born om dette, og at klassen treng gjera noko kjekt ilag. Det vart bestemt at elevar og foreldre skal ha ein kveld på skulen 4. mars, med spel, leik, mat og moro. Det vert eit nytt foreldremøte i april der me ser korleis ting har utvikla seg. Marianne tek ei ny mobbeundersøking i forkant av dette møtet.

### **Val av vara foreldrekontakt for 7. klasse.**

Jo Tømmerbakke og Johnny Hermansen vart vald som vara klassekontakt for 7. trinn. Desse rykker IKKJE automatisk opp sidan det er siste året deira på Manger skule neste år.

### **Vurdering for læring.**

Temaet vart grundig teke opp på foreldremøtet i haust. Det vart ikkje tid til å gå gjennom dette på nytt, men dei som ønskjer kan ta kontakt med Marianne og få kopi av det som ho hadde førebudd til møtet.

**Leirskule.**

På foreldremøtet i haust vart det ytra ønskje om å reisa andre stader enn til Kinsarvik på leirskule. Det vart bestemt på møtet i haust, at klassekontaktane skulle sjå på alternativ og samtala med foreldra på dei andre skulane om dei kan vera interessert i å koma med eit alternativ til leirskule i Kinsarvik for kull03 når det vart deira tur å reise. Det er sannsynlegvis for seint å gjera endringar for dette årstrinnet no. Marianne skal nemna for rektor at ho tek det opp som ei sak på eit rektormøte, om det er interesse for endringar hjå dei andre skulane.

**Foreldresamtalar.**

Marianne delte ut eit ark der foreldra kunne kryssa av kva tider som høver best. Desse må leverast attende snarast slik at foreldra kan få ut tidene til foreldresamtalar. Elevane til dei foreldra som ikkje var tilstades, fekk arket med seg heim dagen etter møtet.

Manger 24.02.15

Marianne Villanger Lilletveit

- Referent -

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen  
sekretær Manger skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Føresette 6.trinn